

# Årsmelding 2008



Ole D. Hagesæther avslutta si teneste som biskop 30. november 2008. Her får han roser av Landås kirkes barnekor. Foto: Lars Ove Kvalbein



BJØRGVIN BISKOP OG  
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD



# Innheld

<b>I. BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME .....</b>	<b>1</b>
<b>II. KYRKJELEG SEKTOR TILSTANDSVURDERING AV KYRKJA I BJØRGVIN ....</b>	<b>4</b>
Kyrkjeleg statistikk .....	4
Gudstenestelivet .....	4
Kyrkjelege handlingar .....	5
Inn- og utmeldingar .....	5
Visitas og vigsling .....	5
Misjon .....	5
Kyrkjemusikk .....	5
Gudstenestefornyning .....	5
Miljø og forbruk .....	6
Grøne kyrkjelydar og miljøfyrtaarn .....	6
Etisk handel .....	6
Born og unge og trusopplæring .....	7
Diakoni .....	8
Menneske med utviklingshemming .....	9
Homofile i kyrkja .....	10
Samarbeid mellom kyrkjelege organ .....	10
Økumenikk og religionsdialog .....	10
Kultur .....	10
Kunst i trusopplæringa .....	10
Kyrkjeleg demokrati .....	11
Bispedømekontoret .....	11
Bispedørmerådet .....	11
Forvaltning knytt til kyrkjelova .....	12
Forvaltning knytt til gravferdslova .....	12
Kommunikasjon .....	12
IT .....	12
Tilskot til kyrkjeleg verksemnd i kommunane .....	12
Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk .....	13
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet .....	13
<b>III. KYRKJELEG ETAT TILSTANDSVURDERING AV PRESTETENESTA.....</b>	<b>13</b>
Regelmessig geistleg betening .....	13
Rekrutteringstiltak .....	13
Vikarordningar .....	14
Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik .....	14
Fengselsprestetenesta .....	14
Prestebustadar .....	15
Organisering og leiing av prestetenesta .....	15
Kompetanseutvikling .....	15
Retreatarbeidet .....	16
Arbeidsrettleiing (ABV) .....	16
Likestilling .....	16
Leiing av prestetenesta .....	17

Gode arbeidsvilkår for prestane .....	17
Lokal redningssentral (LRS) .....	18
Kommentarar til årsrekneskapen 2008 .....	18
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>19</b>

# I. Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.

Eg er stolt av å høyre til i Bjørgvin bispedøme. Vi har eit kompetent presteskap, dyktige medarbeidrarar i alle stillingskategoriar, og svært mange trufaste og gode uløna medarbeidrarar som gjer ein kjempejobb i det lokale kyrkjelydsliv. Ein hovudvisjon for Bjørgvin bispedøme har nettopp vore å styrka samarbeidet mellom alle dei ulike yrkesgruppene i kyrkja vår, og mellom løna og uløna medarbeidrarar: **Saman vil vi gjere Kristus kjent, trudd, elskar og etterfølgd.**

Året 2008 vart i Bjørgvin prega av at vi var igjennom eit bispeskifte. Biskop Ole D. Hagesæther tok avskil med Bjørgvin etter vel 14 års teneste som biskop. I løpet av 2008 gjennomførte han prostivise avskjedsrundar i heile bispedømet før det enda opp med avsluttande gudsteneste i Bergen domkirke 30.november. I etterkant av avskjedsgudstenesta inviterte Bjørgvin bispedømeråd til ei markering i Håkonshallen. Parallelt med starten på avskjedsrunden til biskop Hagesæther, arbeidde bispedømerådet med nominasjon av ny biskop. I bispedømerådsmøtet 10.juni vart følgjande personar nominerte: Sokneprest Ivar Braut, domprost Ørnulf Axel Elseth, rektor Halvor Nordhaug, generalsekretær Kjell Bertel Nyland og bymisjonsprest Kari Veiteberg. I den kyrkjelege avrøystinga fikk rektor Halvor Nordhaug størst oppslutning, og han vart også utnemnt til ny biskop i Bjørgvin 28.november. I perioden mellom avskjeden til biskop Ole D. Hagesæther og vigslinga av ny biskop, har domprost Ørnulf Axel Elseth vore fungerande biskop.

Tala frå den kyrkjelige statistikken for 2008 vitnar om at vi har hatt eit jamt godt arbeidsår. Det er ingen signifikante endringar som gjev grunn til kommentar,

men vi registrerer ein svak tilbakegang både når det gjeld tal på gudstenester og tal på gudstenestedeltakarar. Også frå denne generelle trenden finst det unnatak. Eg vil her særleg nemna Vesthordland prosti som etter ein fallande tendens dei siste par åra, no kan melda om ei 10% auke i gudstenestedeltakinga for 2008. Også i andre deler av bispedømet har det vore ein auke. Oppslutninga om dåp og konfirmasjon held seg også stabilt høg.

## Kyrkjeleg nærvær

Målsettinga om at Den norske kyrkja framleis skal vera ei brei folkekirkje, er det brei semje om. I 2008 har det i samband med dette vore sett eit særleg sokelys på arbeidet med å styrka valdeltakinga ved dei kyrkjelege vala. Det er løyvd mykje midlar til dette arbeidet, og auka deltaking er utan tvil viktig. Eg finn det likevel rett å understreka at kampen for å bevare Den norske kyrkja som folkekirkje, først og fremst står på heilt andre område. Det er i dei daglege møta – ved dåp, trusopplæring, skulebesøk, gudstenester, sjukebesøk og gravferder – at Den norske kyrkja viser seg som folkekirkje. Til sjuande og sist handlar det om eit truverdig lokalt nærvær. Dette krev ressursar. Her har departementet eit særleg ansvar for å sikra naudsynte presteressursar. Kampen om kyrkja si framtid står i dag særleg i byane og drabantbyane. For Bjørgvin sin del opplever vi ein heilt uhaldbar situasjon når store og veksande kyrkjelydar som Birkeland, Åsane, Meland, Lindås og Finnås har ei alt for svak prestedekning. Nokon stader har kommunen teke ansvar og gått inn med ei lokal finansiering av heilt naudsynt presteteneste i påvente av at det skal koma statleg finansiering av desse stillingane, men press i den kommunale økonomien gjer at ein er usikker på om dette kan halda fram. For Bjørgvin sin del er det eit umiddelbart behov for minst fem nye prestestillingar. Det er heller ikkje mogeleg å legga skjul på at det er eit uheldig samanfall i tid mellom den endelege implementeringa av nye

tenesteordningar for kyrkjelydsprestar og den pressa økonomiske situasjon som Bjørgvin (og andre) bispedøme opplever akkurat no. Mange prester har uttrykt reservasjon mot dei nye tenesteordningane nettopp fordi dei har frykta at desse skulle fungera som økonomiske sparepakkar som vil skjula det reelle ressursbehovet. Den pressa ressurssituasjon vi no opplever, gjer det vanskeligare å selja at dette ikkje har vore føremålet. Den samla situasjonen for kyrkja blir heller ikkje enklare ved at vi no også opplever eit betydeleg press på fellesråda sin økonomi. Dette viser seg i reduksjon av stillingar og mange stader også i eit press på dei forordna gudstenestene. Det er her – i kampen for eit truverdig kyrkeleg nærvær – vi legg dei viktigaste premissane for at kyrkja vår framleis kan vera ei brei folkekirkje.

### Trusopplæring

Det er stor glede – og mykje forventning – knytt til implementeringa av ”Plan for trusopplæring i Den norske kyrkja”. I 2008 var Nordfjord det fyrste prostiet i Bjørgvin som fekk prostivise tildeling av midlar. Imponerande raskt makta dei å gjera naudsynte omprioriteringar i arbeidet sitt slik at dei kom i gang med å legga til rette for innføringa av trusopplæring. Den fyrste tilbakemeldinga er at prosjektet har ført til styrka samarbeid mellom dei ulike fellesråda gjennom opprettinga av ei ”Trusopplæringsnemnd” for heile prostiet, auka bruk av bispedømet sin kompetanse og ei vidare utvikling av samarbeidet med dei kristne organisasjonane. Når det gjeld det vidare arbeidet med trusopplæringa, er etter mi forståing nettopp samarbeidet med dei kristne organisasjonane ein heilt avgjerande nøkkel. Her finst mykje av den beste kompetansen, dei brennande hjarto og eit heilt naudsynt nettverk. Skal vi lukkast med trusopplæringa, må vi samarbeida godt og støtta dei som gjennom ei årrekke har arbeida for og blant born og unge. Det må difor være ein medviten strategi at breiddetiltaka i trusopplæringa

og det kontinuerlege arbeidet gjensidig styrker kvarandre.

### Godt diakonalt arbeid i prostia

I 2007 fikk Den norske kyrkja ein ny ”Plan for diakoni.” I løpet av 2008 har det vore ei satsing i heile Bjørgvin bispedøme å styrka det diakonale arbeidet ved å gjera denne kjent i alle kyrkjelydar. Dei prostivise årsmeldingane for 2008 viser at dette har skjedd. I nokre prosti har det vore felles innføringskurs. Andre stader har prostane presentert planen og tenkinga bak i sitt møte med dei ulike sokneråda.

Sunnhordland prosti har hatt som fokus for heile 2008: ”Vi tilhører ei tenande kyrkje.” Temaet har prega ulike samlingar i prostiet: Prosten si nyttårssamling med utdeling av ”Frivilligpris” til ein medarbeidar i det diakonale arbeidet, prostidag og lokale diakonikurs. Frå Sunnfjord prosti vil eg også trekka fram at det diakonale arbeidet har materialisert seg gjennom så ulike tiltak som: Samarbeid med psykiatritenesta, open julefeiring, integrering av innvandrarár, tolketeneste ved gudstenestene og ope møte om klima og energi i samarbeid med Sunnfjord Energi og Sparebanken Sogn og Fjordane.

### Samarbeid kyrkje-skule

Det har vore ei viss uro omkring kva konsekvensar domen knyttet til KRL-faget (No RLE) fikk for samarbeidet mellom kyrkje og skule. Sjølv om dei politiske signala i etterkant har vore tydelege på at domen ikkje treng å føra til krav om endringar, kan vi mange stader registrera ei viss usikker og tilbakehalden haldning hjå ansvarlege i skuleleiinga. Når det først er skapt ei usikker haldning her, blir konsekvensen difor lett at mange vel å vera meir restriktive enn det som er naudsynt for ikkje å pådra seg kritikk. I Olsvik har dette blant anna ført til ei omvendt praktisering av ordninga med fritak. Der sende skulen brev til alle foreldra og kravde underskrift før borna kunne ta del i julegudstenesta. Trass i denne omvende fritakspraksisen, viste det seg likevel at

85% deltok. Dette er også eit bilde som held seg for heile bispedømet: Samarbeidet mellom skule og kyrkje står sterkt i Bjørgvin. I Alversund i Lindås var det siste adventstid og jul 17 skule- og barnehagegudstenester. Andre kyrkjelydar kan også fortelja om liknande. Det er dette breie og gode arbeidet som gjer at vi har ei levende folkekyrkje.

I ulike samanhengar har eg sagt: Slaget om kyrkja si framtid står på 3 hovudarenaer:  
Eit levende kristent barne- og ungdomsarbeid, ein truverdig diakoni og eit engasjerande gudstenesteliv. Det er difor med forventning eg ser fram til det pågåande arbeidet med gudstenestereforma i kyrkja vår. Ein av våre viktigaste utfordringar er å gjenreisa søndagen som gudstenestedag. Difor er det godt at høyringsfristen for liturgiforslaget vart utvida, men sjølv no er fristen vel i knappaste laget. Ein god liturgi må vera både slitesterk og rotfesta i den lokale kyrkjelyden. Ei særleg utfordring vil det vera å verkeleggjera intensjonen om breiare involvering. Det vil krevja meir tid til planlegging og samarbeid, men det vil utan tvil gje mykje igjen når det gjeld eigarskap og kjensla av å høyra til i gudstenesta. På mange måtar stemmer tankar og visjonar knytt til gudstenestereforma godt med det som er vår eigen store bispedømmevisjon: **Saman vil vi gjøre Kristus kjent, trudd, elskar og etterfølgd.**

Fungerande biskop Ørnulf Axel Elseth

### **Hovudmål:**

*Kyrkjepolitikken skal understøtta Kyrkjemøtet sine mål for Den norske kyrkja som ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekkyrkje. Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra kyrkje, som inviterar menneske i alle aldrar og livssituasjonar til tru og fellesskap. Kyrkja skal bidra til å styrkja lokalsamfunn, målbera menneskeverdet og utfordra til solidaritet.*

### **Bjørgvin sin visjon:**

*Saman vil vi gjera Kristus kjend, truudd, elskaa og etterfølgd!*

## **II. Kyrkjeleg sektor Tilstandsvurdering av kyrkja i Bjørgvin**

**Resultatmål 2.1: Gjennomföra Kyrkjemøtet sine vedtak og ivareta felleskyrjelege oppgåver elles.**

### **Kyrkjeleg statistikk**


Offisiell statistikk for 2008 er diverre ikkje tilgjengeleg når årsmeldinga skal skrivast, men vi har samla inn ein del nøkkeltal via prostane. Desse tala er førebels, men vi trur likevel dei kan gje ein peikepinn om tendensane. Elles har vi nyttta offisielle tal frå 2007 og 2006.

### **Gudstenestelivet**

Det har vore relativt stabilt tal på gudstenester i 10-årsperioden 1998-2007, det samla talet har gått ned 646 frå 10251 i 1998 til 9605 i 2007.


Dei førebelse tala for 2008 tyder på uendra tal på gudstenester sun- og heilagdag i forhold til 2007, ein auke på rundt 158 (6,5%) i gudstenester utanom sun- og heilagdag medan deltakartalet på slike gudstenester går ned med rundt 8 %.

### **Talet på gudstenester**



(At talet på nattverdgudstenester går ned frå 2004 til 2005 medan gjennomsnittleg nattverdsøking går opp skuldast omlegging av statistikkjkjemaet ved at andre arrangement med nattverd vart tatt ut.)

### **Gudstenesteframmøte**



Som ein ser av grafen for 10-årsperioden 1998-2007 ovanfor, har gudstenesteframmøtet vore relativt stabilt, men med ein svak nedgang medan nivået på nattverdsøkinga er relativt stabilt. Frammøtet på kvardagsgudstenester har svinga meir. Det er naturleg fordi det er mykje meir ulike gudstenester som er i den kategorien. Dei førebels tala for 2008 tyder på ein nedgang på mindre enn ein prosent i gjennomsnittleg gudstenestedeltaking og ein liten auke i nattverdsøking på nesten ein prosent.

## Kyrkjelege handlingar

Dåpstala auka frå 7145 døypte i 2006 til 7239 i 2007, men dåpsprosenten gjekk litt ned frå 83,8% til 83,2% og dei førebelse tala for 2008 tyder på ein tilsvarande nedgang.

Konfirmasjonsprosenten auka frå 76,3% med 6131 konfirmantar i 2006 til 78,6% med 6129 i 2007. Det ser ut som om konfirmanttaler er litt lågare i 2008, men det er enno ikkje statistikk på konfirmasjonsprosenten.

Talet på kyrkjelege vigslar som auka frå 1244 i 2006 til 1286 i 2007 aukar og i 2008 og er rundt 1300.

Kyrkjelege gravferder auka frå 4430 i 2006 til 4582 i 2007 og det ein auke frå 94,6% til 96,1% i forhold til tal på døde.

## Inn- og utmeldingar

Innmeldingar auka frå 89 i 2006 til 98 i 2007, og det ligg an til at talet for 2008 vert rundt 108-110. Frå 2005 til 2006 var det ein 33% auke i talet på utmeldingar frå 624 til 830, og dei førebelse tala for 2008 syner ein nedgang på 16%. Det tyder på at auken i 2007 var ein reaksjon på kyrkjemøtet sitt vedtak i saka om tilsetjing og vigsling av homofile i partnarskap.

## Visitas og vigsling

Biskop Hagesæther gjennomførte ein visitas våren 2008 i Fitjar sokn i Sunnhordland prosti. Dette var den siste visitasen hans og med det hadde han visitert alle prestegjeld i bispedømet. Det var i tillegg ein visitas ved sjømannskyrkjene i Brasil om våren. Biskopen ordinerte 8 prestar og vigsla 2 diakonar og ein kateket.

I november vigsla han sjømannskyrkja på Gran Canaria.

## Misjon

I ein stor del av sokna i Bjørgvin er det stort hjarte for misjon og utviklingsarbeid.. Me har fått ei auke i misjonsavtalar frå 114 avtalar fordelt på 103 sokn i 2007 til 125

avtalar fordelt på 112 sokn i 2008. Dette er ei auke frå 51% til 59%.

## Ungdom og misjon

Hovudsatsinga i 2008 var retta mot ungdom. Det er viktig å få engasjement for misjon allereie i ungdomsalder. Det var planlagt ein stor misjonskonferanse hausten 2008. Den vart derre avlyst på grunn av for få påmelde.

## Kyrkjemusikk

Bjørgvin har sidan 2003 hatt ein konsulent for kyrkjemusikk i 20%, seinare 30% stilling som avslutta sommaren 2008. Trass i manglande økonomi bestemte bispedømerådet seg for å lysa ut stillinga på nytt som eit prosjekt om implementering av gudstenestereforma finansiert med OVF-midlar.

Det var eigen fagdag i juni med Svein Rustad med tema: Korsong, direksjon og tenking omkring eit allsidig kyrkjemusikalsk arbeid. I alle prostia har det vore konvent som har tatt opp liturgiske tema der kyrkjemusikarane har vore inviterte.

## Gudstenestefornying

I Bjørgvin er kyrkjelydane Stord, Nysæter, Os, Oppstryn, Nedstryn, Loen og Nordsida tatt ut til å vera offisielle høyningskyrkjelydar på gudstenestereforma. Fusa, Birkeland og Vereide prøver ut berre salmeboka. Liturgiforslaget har møtt blanda mottaking og særleg er det misnøye med at den liturgiske musikken vart så forseinka, men ein er nøgd med utvida høyningsfrist.

## Liturgisk kompetanseutvikling

Seniorprest Sigurd Vengen er engasjert til å arbeida inntil 25% med liturgireforma og bispedømet har vedteke å tilsetja ein kyrkjemusikar til å arbeida med implementeringa i 20% stilling. Samtlege prostar har i 2008 hatt ei eller fleire samlingar om liturgireforma for å bygga opp kompetansen til prestane.

Mange av desse har vore tverrfaglege samlingar med ressurspersonar utanfrå.

## Miljø og forbruk

I 2008 har det vore merkbart større etterspurnad i kyrkjelydane etter ”grøne bidrag” til ulike arrangement i kyrkjelydane. Rådgjevar for miljø og forbruk har medverka på 31 slike samlingar i 2008. Rapportar fortel om at feiringa av Skaparverkdagen no er godt innarbeidd i fleire kyrkjelydar. Samstundes opplevde vi ein nedtur då vi måtte avlyse ei planlagd inspirasjonssamling på hausten pga for få påmeldingar. Det verkar som om det er vanskeleg å dra i gang noko nytt, men lettare å verte invitert til samlingar som finst allereie. Eit viktig fokus i 2008 har vore deltakinga i den nasjonale dugnaden for å lage nye 100-årsmål for Noreg ([www.hundrearsmalene.no](http://www.hundrearsmalene.no)).

## ”Frå bleier til mobil”

Det regionale trusopplæringsprosjektet til Bjørgvin, ”Frå bleier til mobil - born og unge som etiske forbrukarar” er eit prosjekt under Størst av alt. Den starta hausten 2007 og har som mål at kyrkjelydane i heile landet får eit verktøy for å driva trusopplæring omkring etisk og miljøvenleg forbruk for aldersgruppa 0-18 år. Visjonen er at alle døypte skal møta ein lokal kyrkjelyd som målber alternative verdiar til forbrukarsamfunnet og inspirerer og rettleier til etisk og miljøvenleg forbruk

Prosjektet har i 2008 levert materiell til utprøving i ei rekke kyrkjelydar og samlingar. Me har prøvd ut både einskildidéar og lengre opplegg med fleire samlingar. Til KFUK/Ms tradisjonsrike påskeleir i Ulvik og NMS si generalforsamling ”Guds draum”, bidrog prosjektet også med materiell til barnegruppene. Prosjektperioden er utvida fram til sommaren 2009 for å få ferdig ei nettside ([www.treet.no](http://www.treet.no)) som kan vera ein resursbank i kyrkja si trusopplæring.

## Grøne kyrkjelydar og miljøfyrtårn

Berre ein ny grøn kyrkjelyd (Ytre Arna) vart registrert i 2008. Dette er svakt, og Bjørgvin sakkar no akterut i høve til andre bispedøme. Nokre strategiske oppmodingar i løpet av året ser ut til å gje eit betre resultat neste år: Minst 13 kyrkjelydar har fått direkte utfordringar på dette, og dei fleste av desse har starta arbeidet med å verte grøn kyrkjelyd. Bærekraftreforma som vart vedteken på Kyrkjemøtet i 2007 har store ambisjonar på dette feltet, men hittil har det ikkje vore satt inn ressursar for å følgje opp dette regional og lokalt.

Når det gjeld miljøfyrtårnsertifisering, har rådgjevar for miljø og forbruk vore konsulent for to verksemder som vart godkjend som miljøfyrtårn i 2008. Det gjeld NMS (Det Norske Misjonsselskap) sin generalforsamling 2008 og Sjømannskyrkja sitt hovudkontor. NMS Generalforsamling vart det første av dei store kristne sommarstemna som vart miljøsertifisert, og no vil fleire arrangement følgje etter. Både for Sjømannskyrkja og NMS har dette vore første steg i ein prosess der ein tar sikte på å miljøsertifisere heile verksemda. Fleire førespurnadar om konsulenthjelp til miljøsertifisering av ulike andre kyrkjeleg forankra verksemder har ein måtte avvise av omsyn til kapasiteten.

## Etisk handel

I 2008 har ein hatt fokus på å bidra til fleire Fairtrade-kommunar. I slutten av august oppnådde Bergen status som Fairtrade-by. Bispedømet har deltatt i styringsgruppa og vore ein sentral drivkraft for å få dette til. 17. desember gjorde kommunestyret i Fusa vedtak om å bli Fairtrade-kommune etter god, strategisk innsats frå den grøne kyrkjelyden på staden.

For å skape blest om Fairtrade, har det også vore gjennomført butikktestar i Bergen og i nokre tettstader i 2008.

## Born og unge og trusopplæring

*Resultatmål 2.2: Utvikle kyrkja si trusopplæring og støtta det miljøskapande og førebyggande arbeidet mellom barn og unge.*

### Dei yngste

Etter fire år med særskilt satsing på trusopplæring for 0-4 års fasen ser vi at det er etablert mange gode tiltak for denne i gruppa i kyrkjelydane. Mange kyrkjelydar har utvida tilbodet til aldersgruppa 0-4 med til dømes markeringar av dåpsdagar (utdeling av cd, bøker el l), utvida tilbod i samband med utdeling av "Mi kyrkjebok", dåpsskule, søndagsskule etc. Babysong har vore eit særskilt populært tiltak som stadig fleire kyrkjelydar er i gang med. I kjølvatnet av babysongtilbod har det også vokse fram fleire knøttekor, og babysong har også rekruttert deltakarar til open barnehage. Kontakten med foreldra i samband med dåpen, er avgjerande for å skape gode relasjonar mellom heim og kyrkje og gode møtepunkt viser seg igjen i dei yngste si deltaking på kyrkjelyden sine tiltak.

### Trusopplæring

Tiltak og idéar frå trusopplæringsprosjekt blir også i aukande tatt i bruk i kyrkjelydar som ikkje har prosjekt. Bjørgvin hadde pr utgangen av 2008 16 lokale og 6 regionale trusopplæringsprosjekt. Erfaringane fra desse prosjekta har gjeve positive ringverknader i heile bispedømet.

Bispedømerådet sitt regionale prosjekt "Gudsrikeleiken" (Godly Play) vart avslutta i 2008, men har vist seg å vere levedyktig på eiga hand. Opplegget kan brukast til barn heilt ned i 2-3 års alderen. Konseptet blitt svært godt motteke og ser ut til å vere liv laga. Opplegget tar barnet

på alvor og er eit framifrå eksempel på barneteologi i praksis.

**Gudsrikeleiken**, som er utvikla frå "Den gode hyrdes katekese", er eit trusopplæringsprogram der born og vaksne er saman om Guds ord. Borna får koma med sine tankar om Gud og det heilage i møte med forteljingane. Dei vaksne har tid til å undre seg saman med borna i staden for å tolka teksten for dei.

Konferansen "En leirklump i våre hender?" som tok føre seg korleis born vert påverka og korleis vi skal legge til rette for god påverknad, samla 180 deltakarar frå barnehagar, kyrkjelydar og organisasjonar. Tilsvarande konferansar vert arrangert kvart år i samarbeid med IKO, NLA og Indremisjonsforbundet.

### Barne- og ungdomsarbeid

Dei aller fleste kyrkjelydar i Bjørgvin har tilbod om miljøskapande og utviklande barne- og ungdomsarbeid, anten sjølve eller i samarbeid med organisasjonane.

Bispedømerådet inviterte organisasjonar og kyrkjelydar til ein konferanse om samarbeid mellom kyrkje og organisasjonar i barne- og ungdomsarbeidet i Bjørgvin, med særskilt fokus på dei utfordringane trusopplæringsreforma gir oss. Møtepunktet la grobotn for vidare samarbeid og vi vil følgje opp med ein liknande konferanse i 2009.

Konfirmantarbeidet i Bjørgvin lever i beste velgående. Det er ingen merkbar nedgang i talet på konfirmantar som ikkje kan forklarast ut i frå faktorar som nedgang i årskull i kyrkjelyden etc.

### Skule-kyrkje samarbeidet

Endringa av KRL-faget til RLE og ny formålsparagraf for opplæringa har ikkje ført til særskilt uro i media i Bjørgvin. Bispedømerådet var tidleg og tydeleg på banen med informasjon på eiga nettside og

til kyrkjelydane. Endringane skulle ikkje medføre endringar i det lokale skule-/kyrkjesamarbeidet og har med få unnatak heller ikkje gjort det i praksis. Bispedømet har tidlegare hatt samarbeid med skuledirektørane i fylka og utarbeida ei rettleiing til kyrkjelydane som ligg til grunn for samarbeidet med skulen. Det har gjort sitt til at skule-/kyrkjesamarbeidet i Bjørgvin må karakteriserast som overvegande veldig bra Dei aller fleste skulane har hatt skulegudstenester før jul som vanleg.

### Trusopplæringsreforma

Nordfjord prosti blei valt ut som implementeringsprosti i "Forsøk 2008". Prostiet har 27 sokn og fem timer reisetid frå inst til ytst. Oppfølginga av forsøket med eigen kontaktperson på bispedømekontoret har vore ei prioritert oppgåve dette året. Forsøket bar sterkt preg av at "vegen blir til medan vi går", men kyrkjelydane i Nordfjord var engasjerte og positive og tok tak i utfordringane etter kvart som dei kom. Erfaringane fra forsøket viser at oppstarten treng tid. Ein må likevel seie at kyrkjelydane i Nordfjord er komne godt i gang med trusopplæringsarbeidet sitt.

### Diakoni

#### *Resultatmål 2.3: Styrke kyrkja sitt diakonale og sosiale arbeid*

2008 var året då diakoniplanen skulle bli verkeleggjort i sokna. Veldig mange har blitt kursa i diakoni i 2008. Diakonane i bispedømet har vore aktive når det gjeld kursing av sokneråd også utanfor eige fellesrådsområde. Samtlege av prostane nemner i sine årsmeldingar at dei har gjort diakoniplanen til tema på prostisamlingar og prostebesøk. Til dømes i Ytre Sogn har alle sokneråd arbeidd med det og dei fleste sokna har alt laga eigen diakoniplan. Andre synest det er ei utfordring at det no kjem krav frå Kyrkjemøtet om mange

planar som skal lagast lokalt. Nokre kyrkjelydar vel å lage ein heilskapsplan over alt kyrkjelydsarbeid.

Det diakonale perspektivet i alt kyrkjelydsarbeid blir meir og meir innarbeidd i kyrkjelydane slik som den nye planen legg opp til. Det handlar om inkludering og involvering av alle som er med, fellesskapsarbeid, utoverretta tenking kring tiltak, slik at ein når lengre ut enn dei som kjem av seg sjølv, og meir bruk av uløna medarbeidarar i aktivitetar som til no i stor grad har vore utført av tilsette. Dette gjer at kyrkjelydsarbeidet opplevast meir nært og aktuelt for dei som tek del og at til dømes gudstenestene har mange fleire uløna medarbeidarar som er aktive kvar sundag.

### Samarbeid med kommunane

Vi ser fleire gode eksempel på at kyrkjelydane samarbeider med kommunar eller andre instansar om tiltak i forhold til spesielt utsette grupper eller menneske med særskilte behov. I Knarvik har kyrkja vore pådrivar for å få i gang eit rus- og kriminalitets-førebyggjande prosjekt i samarbeid med kommunen og Knarvik Senter, og i Fjell er der ein senterdiakon som driv eit arbeid blant ungdom som ikkje har anna tilhaldsstad enn kjøpesenteret. Spesielt kan det nemnast her eit "naskeprosjekt" i samarbeid med politiet. Andre stader som til dømes i Førde og Sund samarbeidar diakoniarbeidar med kommunen si psykiatriteneste med førebygging og ulike samarbeidsprosjekt. Når det gjeld integrering av innvandrarar, driv fleire kyrkjelydar med oppsøkande verksemد og integrerande tiltak for nordmenn og innvandrarar.

### Medarbeidarskap

Medarbeidarprosjektet går no mot slutten i bispedømet. Prosjektet og særleg distribusjonen av "Medarbeidarpermen" har resultert i eit auka fokus på ulønna



medarbeidarar og ivaretaking av dei. Prosjektet har hatt 3 siktemål. For det første å styrka tenkinga rundt og verdsettinga av våre uløna medarbeidarar. For det andre og tredje å bidra til dei to reformene som no kjem. Trusopplæringa føreset at kyrkjelydane har mange og skolerte medarbeidarar, både løna og uløna, og at det er godt samarbeid og felles tenking omkring det å lære opp menneske i den kristne trua. Gudstenestereforma føreset også eit auka fokus på ulønna medarbeidarar og deira plass i gudstenestefeiringa. Vi trur at det arbeidet vi har lagt ned i dette tema dei siste åra, vil gjere innføringa av disse reformene lettare.

Statistikken viser at auken i uløna medarbeidarar etter satsinga på medarbeidarskap i Bjørgvin ikkje berre var ein blaff. I 2006 såg vi ein klar auke av uløna medarbeidarar og det at dei særskilte samlingane for medarbeidaroppfølging vart hyppigare og meir utbreidd. I 2007 har talet på medarbeidarar stabilisert seg eller gått litt ned, men ikkje tilbake til 2005-nivå.

Medarbeidarar i ulike kyrkelydsarb.	2005	2006	2007
Gudsteneste-arbeid	3250	3514	3412
Barne/ ungd.arb.	2546	2808	2616
Diakonalt arb.	1694	1819	1700
Komite/utval	2058	2131	2131
Anna kyrkjel.arb.	2215	2419	2592
Totalt	11763	12763	12451
Opplærings og motiverings-samlingar for medarbeidarar	172	269	256

## Menneske med utviklingshemming

I 2008 har det vore mykje lokalt godt arbeid blant anna med "Bli-kjent-i-kyrkja"-kurs for utviklingshemma, og etterspurnaden etter individuell rettleiing til kyrkjelydar som har enkeltkonfirmantar

med særskilte behov, har vist ein aukande tendens. Det er elles særleg to arbeidsfelt vi vil dra fram:

### Samarbeid på tvers om "Rett til tru"

Vi har lukkast med å få eit breitt samarbeid om å fokusera på å leggja til rette for at menneske med utviklingshemming får leva ut sitt trusliv. Dette var banebrytande og nytt då Helsedirektoratet sitt rettleiingshefte frå 2008 om Individuell Plan hadde med eit kapittel som handlar om tru og livssyn, og vil etterkvart føra til behov for meir fokus på tematikken i dei kommunale tenestene.

I eit samarbeid mellom Høgskulen i Bergen, interesseorganisasjonane for menneske med utviklingshemming, NLA, Humanetisk Forbund og Bjørgvin Bispedømmeråd lukkast det i september å arrangera ein regional konferanse på Høgskulen i Bergen med tematikken "Rett til å vere eit heilt menneske". Vi var om lag 60 deltakrar på konferansen og vi er godt nøgde med evalueringa. Det viktigaste var å setja tematikken på dagsordenen. Ein av etterverknadane er å etablera eit regionalt nettverk, som skal samlast før sommaren i 2009. Elles sleit vi med å nå fram i media i forhold til denne konferansen og denne tematikken.

### Konfirmant Pluss går vidare

Dette er eit regionalt trusopplærings-prosjekt knytt til Åsane menighet for å koordinera konfirmanttilbodet for utviklingshenna med eit klubbarbeid, som vil gje unge menneske med utviklingshemming, eit kyrkjeleg tilbod utover konfirmanttida. Ein vil kopla klubbarbeidet med kyrkjelyden sitt gudstenesteliv – og dermed oppnå ei reell inkludering. Dette stod i fare for å bli nedlagt då trusopplæringsmidlane berre var for eit år. Det er difor eit gjennombrot for integreringsarbeidet at Bergen kommune har gjeve ei vesentleg pengestøtte frå slik at prosjektet kan forlengast med 3 år i denne omgang.

## **Homofile i kyrkja**

Det har ikkje vore gudstenesteaktivitet i Åpen Kirkegruppe i Bergen dette året.

## **Samarbeid mellom kyrkjelege organ**

*Resultatmål 2.4: Fremja samarbeid mellom kyrkja sine organ, overfor frivillige kristelege organisasjonar og mellom kyrkje og samfunn.*

Det er vårt inntrykk at dei lokale rådsorgana samarbeider godt. Slik samarbeid skjer oftaast ikkje i ein formalisert struktur, slik kyrkjelova opnar opp for. Unntaket er nokre få sokn som har prøveordning med felles sokneråd.

I Ytre Sogn samarbeider fellesråda i prostiet i form av eit felles prostistyre. Dette har stimulert til felles satsing på trusopplæring og diakonale tiltak. Samarbeidet har derimot ikkje ført til effektivisering av drifta.

I Nordfjord er trusopplæringsreforma innført i alle sokna i prostiet. Dette har stimulert fellesråda til auka samarbeid.

Erfaring viser at samarbeid mellom fellesråd stimulerer til kyrkjelydsbyggjande tiltak på tvers av sokna, men det fører sjeldan til effektivisering av personalforvaltninga og drifta av kyrkjene og kyrkjegardane.

Både Fana prosti og Arna og Åsane prosti har gode erfaringar med felles meldingsblad for kyrkjelydane. I Fana og i Sunnhordland prosti held prosten årleg nyårsmtottaking der ordførarane i prostiet er inviterte. Fleire av prostane har kyrkjedag eller prostidag for løna og uløna medarbeidarar i kyrkja. Dette er gode tiltak som fremjar samarbeid mellom sokna og skaper ei og kontaktflate mellom kyrkje og samfunn.

Når det gjeld samarbeid med dei kristne organisasjonane, kan det nemnast at ungdomsrådet tok initiativ til eit møte for å drøfte felles tiltak for leiartrening blant unge. Det viste seg å vere eit svakt grunnlag for dette.

Helsingar og markeringar i prostia ved biskopen si avskjedsrunde og markeringa i Bergen 30.november 2009 viste at kyrkja og bispetenesta står sterkt blant folk.

## **Økumenikk og religionsdialog**

*Resultatmål 2.5: Bidra til dialog og samhandling med andre kyrkje-, trus- og livssynssamfunn*

Bispedømet var med å skipa til ein Felleskyrkjeleg inspirasjonsdag i Bergen i januar saman med Noregs Kristne råd med samtale mellom ulike kyrkjesamfunn i Bergen og møte med konsert om kvelden.

## **Kultur**

*Resultatmål 2.6: Stimulera til utfalding av kunst og kultur innan kyrkja*

## **Kunst i trusopplæringa**

Forutan dei trusopplæringsprosjekta som satsar på kunst, slik som t.d. Barnas katedral i Bergen eller Ullensvang med sine kulturhelger, kan ein i soknadane til OVF-fondet ein lesa at fleire kyrkjelydar satsar på kunst og kultur i gudstenestearbeidet og i barnearbeidet. Bispedømerådet har bl.a. gjeve støtte til filmprosjekt i Austrheim og Fedje, teaterframstillingar i Odda, kunsttolking i trusopplæringa i Kinn og kunst og gudsteneste i Sandviken.

## Kyrkjeleg demokrati

*Resultatmål 2.7: Leggja til rette for auka deltaking og styrking av det kyrkjelege demokratiet.*

### Ungdom og lokaldemokrati

Kvart år arrangerar Bjørgvin bispedøme ungdomsting for ungdom i bispedømet mellom 15 og 30 år. Etter kvart har UT utvikla seg til å vere eit flott første møte for unge med demokratiske prosessar. Ein har grundig behandling av saker, og ein gjennomfører val på medlemene til ungdomsrådet. Ungdomstinget er eit organ der ungdom kan seie si meining og ta tak i saker som vedkjem dei. Dette vert spelt inn til Bjørgvin bispedømeråd og til sentralkyrkjeleg hald.

Ordninga med ungdomsråd og ungdomsting har berre eksistert i seks år (i nyare tid) i Bjørgvin, og ein kan sjå ei positiv utvikling i at det vert gjennomført på ein betre måte for kvart år. Talet på kyrkjelydar som er representert aukar òg for kvart år (16 i 2007, 18 i 2008).

To ting må ein likevel spørje seg om. Representantane som reisar på UKM tek med seg mykje inn i sakane som vert diskuterte der, men har meiningane til ungdommane på UT noko å seie på grasrota? Det andre ein må spørje seg om er om demokratiet fungerar når berre 18 av 189 kyrkjelydar er representerte. På den andre sida treng ein meir tid til å få etablert ungdomstinget betre. Ein ser at det aukar frå år til år kor mange som er representert, sjølv om det går seint. Det er mange prestar som enno ikkje veit kva det er, og ein del som ikkje prioriterar å sende ungdom dit. Ein veit òg at mange av kyrkjelydane ikkje har ungdom i denne aldersgruppa.

## Bispedømekontoret

*Resultatmål 2.8: Verksemndene si organisering, kompetanse og kapasitet skal vera brukarorientert og tilpassa oppgåvene.*

Dei sentrale kyrkjelege reformene set større krav til kompetanse på bispedømekontoret. Mot slutten av året la vi til rette for auka ressursar til trusopplæringsreforma og demokratireforma. Når det gjeld gudstenestereforma, har biskopen ved sida av leiaren for kyrkjefagseksjonen bede ein av våre mest erfarne prostiprestar om å halde foredrag i prostia.

Gudstenestereforma er omfattande, og tek sikte på å skape auke oppslutnad og kvalitet i det lokale gudstenestelivet. Vi er urolege for at denne reforma er underfinansiert. Det er korkje løyvd midlar til prestestillingar lokalt eller til kompetanseutvikling regionalt.

Nokre få medarbeidarar har vore 10 år eller meir på bispedømekontoret. Vi har god erfaring med at tilrettelegging av Masterstudier har vore ei god investering for kontoret samla og den enkelte medarbeidar.

Bispedømekontoret sette hausten 2008 fokus på systematisk vurdering av risiko og vesentlighet ved utvikling av plandokumenta for 2009. Vi har utvikla prosjektplan for dei 3 reformene. Det er gjennomført risiko- og vesentlighetsvurdering ved alle målområde i prosjektplanane og i den årlege tiltaksplanen for 2009.

## Bispedømerådet

Bjørgvin bispedømeråd har i 2008 hatt 8 møte. Til saman handsama rådet 109 saker.

## **Forvaltning knytt til kyrkjelova**

I 2008 har biskopen hatt følgjande saker:

Ombygging av kyrkjer	8
Bygging nærmere kyrkja enn 60 m	7
Godkjenning av orgel	4
Godkjenning av røysterett i anna sokn enn der ein bur	2
Unnatak frå regel om medlemsskap i kyrkja ved tilsetjing. (To romersk-katolske organistar og ein muslimsk assistent i kyrkjelydsbarnehage)	3
Kyrkjekstil og benkeputer	20
Endringar i interiøret	6
Kunstnarleg utsmykking	5
Benker (flytting/fjerning)	4
Liturgiske møblar	4
Lysglobar	4
Tekniske installasjonar	4
Andre saker	3

I 2008 har Bispedømerådet hatt følgjande saker:

Løyve til sokn om å få ta opp lån	5
Godkjent sal av kyrkjeleg eigedom	1
Satsar for utleige av kyrkje	1

## **Forvaltning knytt til gravferdslova**

Omregulering/endring av kyrkjegardar	9
Bygg på kyrkjegard	2
Kyrkjegardsvedtekter	5
Godkjenning av ferdig kyrkjegard	2
Fråsegn til kommunale planar	20
Klagesaker, alle fekk avslag	3

Bispedømerådet har levert motsegn i to saker, den eine knytt til utbygging av bensinstasjon nær Blomreina kyrkjegard i Førde, den andre knytt til byggefelt nær Gaupne gamle kyrkje. Begge motsegnene

påverka saksbehandlinga til fordel for våre synspunkt.

## **Kommunikasjon**

Bjørgvin bispedøme sine nettsider er sentrale i vår kommunikasjon. Pga omlegging i statistikken, har me ikkje tal som kan samanlikna besøket i 2008 med besøket i 2007.

Meldingsbladet Stiftsnytt hadde våren 2008 trusopplæring som tema. Haustutgåva var viggd bispetida til Ole D. Hagesæther.

Bispedømerådet og biskopen er jamleg i media, i dei aller fleste tilfelle i positive oppslag.

## **IT**

Det er eit overordna mål at statlege verksemder skal ha ein elektronisk flyt av faktura og reisebilag. Dette har miljømessige omsyn og det er ei kvalitetssikring av dokumentasjonen. I mai 2008 innførte Bjørgvin bispedømekontor elektronisk fakturabehandling.

I 2008 starta også innføring av ESS for presteskapet, i første omgang berre for prestar knytt til Bergen kyrkjelege fellesråd. Nær ein tredjedel av presteskapet er no inne på elektronisk reiserekning. To av dei deltagande prostia gjennomførte også registrering av ferie i ESS.

Vi har så langt opplevd positiv mottaking av innføring av elektroniske system.

## **Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane**

Tildelt tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane innan Bjørgvin bispedøme var i 2008 kr 2.694.000, mot kr 5.809.000 i 2007. Tilskotet vart altså meir enn halvert i 2008 og det vart gjeve sterke signal om at dette tilskotet ville falla heilt bort i 2009.

Når no tildelinga for år 2009 er kjend veit vi at det er det faktiske forhold at dette tilskotet har falt heilt bort.

## Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Løyvinga for år 2008 var på kr 11.233.000, dette er 4,3% auke frå år 2007. Av denne løyvinga gjekk kr 135.000 som tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkirke i tråd med føresetnadane i statsbudsjettet. Resten av løyvinga har i hovudsak gått med til å dekkje 50% refusjon for 15 soknediakonstillingar og full refusjon for 16,3 kateketstillingar tilsett ved ulike fellesråd.

I 2008 innførte vi eit tak på refundert pensjonspremie. Dette vart gjort grunna stor variasjon i satsen på pensjonspremien. Bergen kyrkjelege fellesråd var klart høgast med pensjonspremie på 25%. Bispedømerådet vedtok å refundera inntil eit tak på 20% pensjonspremie.

Grunna vakansar i fleire stillingar var det ved årets slutt midlar til gode som vart fordelt på diakon- og kateketstillingar i tråd med intensjonen i løyvinga.

## Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet

Besøk knytt til sjømannskyrkja sitt arbeid har auka dei siste åra, og trenden held fram. 763.523 var i kontakt med sjømannskyrkjer verda over mot 692.123 i 2007. Også i år er Gran Canaria den sjømannskyrkja med mest besøk totalt. Når det gjeld gudstenestedeltaking, er dei mest populære sjømannskyrkjene Alicante og Gran Canaria med 12.746 og 12.272 til gudsteneste. Gudstenestedeltakinga for alle sjømannskyrkjene under eitt har og gått opp frå i fjor med 115.336 mot 114.332 i 2007. Trenden med auka nattverdsøking

held seg. Det var 39.826 til nattverd mot 39.251 i 2007.

Biskopen hadde visitas Brasil 27. mars – 4. april og vigsla sjømannskyrkja på Gran Canaria 18. november. Han deltok på to 50 års kyrkjejubileer: Göteborg 24. september og København 23. november.

## III. Kyrkjeleg etat Tilstandsvurdering av prestetenesta

### Regelmessig geistleg betening

*Resultatmål 2.9: Sikra kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem regelmessig geistleg betening.*

### Rekrutteringstiltak

Det er gjennomført intervju med søkerar til 29 utlyste stillingar i 2008, ein sokneprest vart tilsett utan intervju, han var kjent av både bispedømeleiring og kyrkjelydar. Åtte stillingar har vore utlyste meir enn ein gong, to av desse står framleis utan fast prest. Vi har hatt søkerar til desse stillingane, utan at dei vart tilsette. I fire saker vart det gjennomført intervju med søkerar som sidan trekte seg, i tre av desse er det no føretatt tilsetjing.

Talet på søkerar til stillingane har gått ned, det har vore frå ein til fem, med unnatak av sokneprest i Sandviken sokn i Bergen, der det var 15. Søkerane har vore godt kvalifiserte og godt eigna, med unnatak for dei to som ikkje vart tilsette sjølv om stillingane har vore ledige lenge. Det er tilfredsstillande vikarordningar i stillingane som er ledige.

Seksjonsleiar for kyrkjefag er ansvarleg for VTP i Bjørgvin. Han har besøkt praktikumsstudentane på MF og TF, og har også snakka med studentar på NLA. Vi freistar å ta til følgje tilhøve dei nemner

som viktige for seg i høve til stiftspraksis og også seinare teneste i bispedømet. Også prostane gjer ein god jobb med oppsökjande verksemd vedkomande "eigne" ledige stillingar.

Løn har i stor grad vore brukt som rekrutteringsverkemiddel i 2008, særleg til stillingar i "ytre og indre utkant" med berre ein søker. Det har som konsekvens at gjennomsnittleg lønstrinn for prestar i Ytre Sogn prosti er høgare enn for prestane i Fana prosti (Bergen).

Vi opplever at det elektroniske søknadsprogrammet både rasjonaliserer og kvalitetssikrar prosessen frå utlysing til tilsettjing. Rutinar i tilsettjingssaker i samband med nytt personalreglement for presteskapet, med særleg fokus på grensesnitt personal/løn er ferdigstilt. Vi ser at desse må vedlikehaldast med jamne mellomrom.

Bjørgvin bispedøme har 178 faste prestestillingar. Det er relativt få stillingar som må lysast ut fleire gongar, og berre to som har vore ledige meir enn eitt år. Om vi har få søkerar til kvar stilling, har dei med få unnatak vore gode, både fagleg og det å vera personleg eigna.

## Vikarordningar

Vikarsituasjonen og tilgongen på vikarar har vore tilfredsstillande i 2008, noko også rekneskapen syner. Fødsels- og omsorgspermisjonar har prinsipielt vore dekka frå dag ein. Også sjukefråvær og vakansar har i stor grad vorte dekka med vikarar. Pensjonerte prestar gjer ein god jobb her, saman med fast tilsette vikarprestar og prestar tilsette i engasjement. Nokre få personar tenestegjer også på fullmakt frå biskopen i periodar. Prostane og administrasjonen på bispedømekontoret samarbeider godt om dette.

## Arbeidsmiljø, helse, miljø og tryggleik

Heftet "Helse, miljø og tryggleik for tilsette i Bjørgvin bispedøme" ligg på nettsidene våre. Det er halde fire møte i RAMU. I møtet 04.09. 2008 vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe med mandat å finna tenlege ordningar for gjennomføring av vernetenesta i bispedømet. I dette ligg rutinar, skjema, skjæringspunktet vernetenesta/tillitsvaltapparatet, med meir. Forslag skal liggja føre til møtet 28.05. 2009.

Det er frå 01.01. 2009 innført ny tenesteordning i alle prostia. I prosessen fram mot dette har tenlege planleggings- og rapporteringsverktøy hatt eit særleg fokus. Vi vonar dette vil bidra positivt til ein betre kvardag, både for prestar, prostar og kyrkleleg stab elles. Bispedømeadministrasjonen har særlege forventningar knytte til nytt rapporteringsskjema som vil gje sikrare kunnskap om årsak til fråvær. Dette ønskjer vi å arbeida meir systematisk med, saman med prostane.

Prostane gjennomfører medarbeidarsamtalar med alle prestane i sitt prosti.

## Fengselsprestetenesta

Prestetenesta i Bergen landsfengel (200 %), Vik fengsel (50 %) og Bjørgvin fengsel (80 %) fungerer fint. Samarbeidet med leiinga i fengsla er godt. Prestane deltek på regionale og nasjonale fagdagar, og elles på kurs dei har trong for i ei særleg utfordrande teneste. I praksis er det prestane i Bergen landsfengsel som har beredskapsvakt andsynes meldingar til fangane der, utan at dette er formalisert. Dette vil vi freista ordna i 2009.

## Prestebustadar

Det er framleis stor merksemad kring prestebustadene i Bjørgvin. Særleg gjeld dette husa i Bergen, med fleire avisoppslag om därlege tilhøve. Administrasjonen opplever å ha god kontakt både med OVF og kommunane om dette, og trur sterkare prioritet av saksområdet vil gje resultat i 2009 gjennom systematisk arbeid.

Bergen bolig- og byfornyelse eig 42 bustader, fleire med vedlikehaldsbehov. Bystyret har omdefinert ein budsjettpost til å gjelda både rehabilitering og investering. Partane er samde om å bruka desse midlane til rehabilitering så lenge der er hus som treng å vølast, framfor å kjøpa hus tilknytte dei stillingane som blir utlyste utan búplikt p.t.

Samarbeidet med OVF er særskilt positivt. Vi opplever eit systematisk arbeid frå Hildur Kuld si side vedkomande det som er grunnleggjande bygningsteknisk, tørre kjellarar og tette tak blir prioritert. Det vart bruk meir midlar i Bjørgvin i 2008 enn ei pro rata fordeling, men mykje står enno att. Løyvinga for 2009 er no redusert i høve til tidlegare meldingar, så det gode arbeidet vil ta noko lengre tid å fullføra enn det vi vona på.

## Organisering og leiing av prestetenesta

*Resultatmål 2.10: Tilpasse prestetenesta til lokale forhold og utfordringar.*

Hausten 2008 la vi til rette for ny prostivis organisering av prestetenesta i sju prosti. Dette inneber at alle prosti pr. 1.januar 2009 har ny organisering.

Bispedømerådet har som strategi å styrke prestetenesta i folketette område i Bergen og omland. Dette har ført til ny stilling som prostiprest i Vesthordland og ny stilling

som kapellan i Os sokn i Midhordland prosti. Bispedømerådet har også som målsetjing å etablere ny kapellanstilling i Birkeland i Fana prosti og i Meland/Alversund/Lindås i Nordhordland prosti. Det var ikkje mogeleg å få dette til innanfor dei økonomiske rammene.

Kyrkja sitt fotfeste i folket står og fell med om vi evnar å vere til stades der dei unge familiene etablerer seg. Eit godt døme på dette er bispedømerådet sitt prosjekt i Sædalen i Fana prosti. Allereie etter knappe 1½ år med presteteneste i halv stilling ser vi gode resultat. Kyrkja samlar breitt og tanken om eit kyrkjebygg veks naturleg fram.

Bispedømerådet har gjennom fleire år bede om auka midlar til dette i dei årlege innspela til statsbudsjettet. Det synes umogeleg å få konkret utteljing i form av auke i midlar.

Statistikken for 2007 fortel at prestane i samarbeid med uløna og løna medarbeidarar heldt 9600 gudstenester. 7072 av desse vart halde på søn- og heilagdagar, noko som inneber at det kvar søn- og heilagdag i gjennomsnitt vert halde 118 gudstenester. Med 176 faste prestestillingar betyr dette at 2/3 av prestane held gudsteneste på søn- og heilagdagar. Dette er ein innsats prestane i Bjørgvin fortener stor ros for. Kvar gudsteneste hadde i gjennomsnitt 101 deltakrar. Med bakgrunn i desse tala er det grunn til å hevde at prestane sin innsats gjer at gudstenestelivet står sterkt i Bjørgvin bispedøme. Førebelse tal for 2008 tyder på at gudstenestelivet held seg stabilt.

## Kompetanseutvikling

*Resultatmål 2.11: Utvikle kunnskapar, dogleikar, haldningar og motivasjon til tenesta hos den einskilde prest.*

Mykje skjer lokalt i prostia, med fagdagar og felles kursreiser. Lokale behov vert då

særleg ivaretatt, samstundes som merksemda kring nødvendig kompetanseutvikling vert halden oppe. I etatsstatistikken for 2008 har vi også rekna med desse lokale fagdagane, og også studieveka dei som har signert ny arbeidsavtale får. Dette forklarar den store auken frå 2007. Kompetanseutvikling er tema i alle medarbeidarsamtalar, og noko prostane oppmunstrar til.

Det har vore to møte i REU, i etterkant av dei sentrale søknadsfristane. Mest alle som har søkt om deltaking på kurs, har fått søknadene innvilga. Talet på kvinner som søker, er aukande. Alle prestane i Nordfjord prosti er med på modulen "Kunsten å snekre en preken". Vi får gode tilbakemeldingar om prestar som får ny kveik i tenesta etter ein studiepermisjon.

Vi kom ikkje heilt i mål med revideringa av kompetanseutviklingsplanen, det skjer på første møtet i 2009.

Utforming og planlegging av eit pastoralt leiarkurs for alle prestane i Bjørgvin vart gjort i 2008. Første kurset (for Sogn og Fjordane) skal haldast i mars 2009. Dette kurset vil ha fokus på presten i relasjon til andre menneske, presten som pastoral leiar der han eller ho ferdast. Presterolla har endra seg mykje dei siste tiåra, vi trur det vil vera nytig å reflektera over kva dette betyr for den enkelte.

## Retreatarbeidet

Fra årsskiftet blei styringsgruppa for Retreat Bjørgvin oppløyst og ansvaret for tilrettelegging av retreat for kyrklelege medarbeidarar overført til styret for Retreat Bergen. Biskopen i Bjørgvin har utnemnt to til dette styret og stiftinga Bergen Diakonisshjem tre representantar. Hausten 2008 blei det arrangert ein fullteikna retreat for kyrkleleg tilsett på Holmely retreatsenter, Nordfjord. Prosjektet ándeleg rettleiingssenter på Haraldsplass, som er eit resultat av

samarbeidsavtalen mellom bispedømekontoret og stiftinga, har nå lagt bak seg et heilt driftsår. Interessa for andeleg retteleiing er stor og mange søker denne rettleiinga. Senteret prøver å møte ein veksande andeleg lengsel som også kjem til syne blant kyrklelege medarbeidarar. For tida er etterspørsele større enn det ein har retteleiarar til. Det vert difor fokusert mykje på det å knytte fleire retteleiar til senteret og legge forholda best mogeleg til rette for dei.

## Arbeidsrettleiing (ABV)

Våren 2008 blei ei rettleiingsgruppe avslutta. To nye starta opp i januar/februar. Til saman var det fire grupper i drift. Ved sidan av grupperettleiinga var det òg nokre i individuell rettleiing.

Arbeidsrettleiing er eit viktig reiskap for prestane i bispedømet. At rettleiinga er tverrfagleg, synes å vere eit pluss. I 2008 var emnet for fagdagen: "I klem eller balanse? Om arbeidsstress og familieliv."

Bjørgvin har 17 godkjende retteleiarar. 12 av desse er aktive som retteleiarar for tida. Ein retteleiar er friteken på grunn av verv i fagforeininga.

Prostane sine to grupper går kontinuerleg og er basert på kollegarettleiing. Det vart gjennomført fire gruppessamlingar for retteleiarane.

## Likestilling

*Resultatmål 2.12: Motivere og legge til rette for fleire kvinner til teneste som prestar i kyrkjelydane og til å ha leiarstillingar i kyrkja*

Bispedømerådet ynskjer å rekruttera fleire kvinner til presteteneste i bispedømet. Dette blir profilert ved at dei fleste stillingsannonser har med ein setning om at kvinner blir oppmoda om å sökja. Kvinnene har fått ein relativt sett større del av potten ved lokale forhandlingar, slik dei sentrale føringane seier. Det vert også

vurdert om nytilsette kvinner skal få høgare løn enn menn.

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillinger	
	Kv.	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	12,4	87,6	7,7	92,3	12,7	87,3
Heiltids-tilsette	12,4	87,6	7,7	92,3	12,7	87,3
Deltids-tilsette	-	-	-	-	-	-
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	427'	447'	-	545'	435'	496'

Soknepresten i Hornindal, Mari Saltkjel, tok i 2008 initiativ til eit kvinnenettverk for prestar i Bjørgvin. Dei har hatt fem samlingar, med gode tilbakemeldingar. Dette vert også kommentert positivt av praktikumsstudentar.



Samling i kvinnekunstnettverket

Prosti utan kvinneleg prest blir færre år for år. Bispedømet sitt mål om å tilsetja kvinner i 20 % av dei stillingane der det er tilsetjing, vart ikkje nådd i 2008, med berre 17 %.

## Leiing av prestetenesta

*Resultatmål 2.13: Styrka leiinga av prestetenesta, samordninga mellom prestane og kyrkja sine valde organ*

*og samvirket mellom prestane og andre kyrkjeleg tilsette.*

Vi viser til omtale av ny organisering av prestetenesta (resultatmål 2.10). Ny organisering set større krav til prosten som skal leie og organisere prestetenesta.

Svak kommuneøkonomi og manglande IT-infrastruktur hemmar samordninga mellom prestane, dei lokale rådsorgana og dei kyrkjeleg tilsette. Trass styrka kommuneøkonomi synes dette ikkje å kome kyrkja lokalt til gode. Dette fører til kutt i stillingar og nedskjering i ordinær drift.

Det er gjerne prosten som tek initiativ til samarbeid på tvers av sokna og fellesråda i prostiet. Mangelen av oppdaterte IT-system og webbaserte løysingar er ei stor utfordring.

## Gode arbeidsvilkår for prestane

*Resultatmål 2.14: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.*

Bjørgvin har eigen personalprest. Han har ein aktiv rolle i å halda kontakten med sjukmelde prestar, noko som gjer at dei får særleg god oppfølging frå arbeidsgjevar si side. I tillegg tar han kontakt med tilbod om samtale også til andre, noko dei fleste responderar positivt på. Vi får tilbakemeldingar om at dette betyr mykje for mange. Han gjer også eit arbeid i fleire stabar i bispedømet.

Fleire medarbeidarar har gjort seg nytte av AFP-ordninga og arbeider 60 % stilling. Det er krevjande å tilretteleggja dette tilfredsstillande i distrikta, både for prest, kollegaer og kyrkjelyd.

Vi trur at ordninga med prosten som leiar av prestetenesta i prostiet gjev prestane gode arbeidsvilkår med betre oversikt over

arbeidet. Rapporteringa av årsak til fråvære gjev både prost og bispedøme-administrasjon høve til å oppdaga uønskte avvik så tidleg at dei kan handsamast i tide. Manglande økonomiske ressursar fører til press på vikarordningane. Dette må kompensera med redusert aktivitet, noko som det vil ta tid å gjennomføra. Det vil såleis vera naudsynt med eit særleg fokus på dette framover.

## Lokal redningsentral (LRS)

Hausten 2008 var ny politiprest på plass i Bergen. Dermed blei arbeidet med ein ny struktur for LRS-tenesta satt i gang. Politipresten blir no den faste LRS-presten. Han får med seg ein gruppe som kan ta ansvar på hans ferie- og fridagar, samt utgjere eit fagleg nettverk for politipresten. Det blei også dette året arrangert fagdag for LRS-prestane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Tema dette året handla om traumer med katastrofar og katastrofelignande hendingar. Ein såg på kyrkja si rolle i samband med katastrofar og kva prestar og diakonar må vere merksam på for sin eigen del i slike situasjoner.

Foredragshaldarar var psykolog Dagfinn Winje, Bergen og diakonisje Ylva Johansson frå Kista i Sverige. Begge hadde mykje med bussulukka i Måbødalén å gjere.

## Kommentarar til årsrekneskapen 2008

Tildelinga for bispedømekontoret og arrangementsverksemda var på kr 9.942.000. Drifta vart gjort opp med eit meirforbruk på kr 180.000. Dette var som forventa. Budsjettvedtaket for 2008 la til grunn at tilsvarende beløp skulle finansierast ved bruk av fondsmidlar. Det vart derimot ikkje effektuert fondsmidlar i 2008, noko som forklarar meirforbruket.

Presteskapet fekk ei total tildeling på kr 99.067.000. Lønsoppgjeret for 2008 vart godt kompensert. Drifta for presteskapet vart gjort opp med eit meirforbruk på nær 840.000. Dette talet må korrigeras for utesåande refusjonskrav på løn, vi endar då på eit meirforbruk på ca kr 500.000. Det er auke i lønsutgifter som forårsakar meirforbruk. Arbeidsmarknaden har pressa lønsnivået oppover. Ser vi på gjennomsnittleg lønstrinn for presteskapet i Bjørgvin bispedøme er det som følgjer:

Pr 01.01.08: 56,7

Pr 01.01.09: 59,0

Eit anna forhold er at vi for andre år på rad hadde ca 25 nytilsetjingar i bispedømet. Flyttekostnadane vart dyrare enn budsjettet.

Rekneskapen for oppdragsverksemda (kap 0340 post 21) vart gjort opp i balanse.

Rekneskapen for diakoni, undervisning og kyrkjemusikk (kap 0340 post 71.16) hadde ei total tildeling på kr 11.233.000 og vart gjort opp i balanse.

Rekneskapen for kyrkjeleg verksemd i kommunane (kap 0340 post 72) hadde ei total tildeling på kr 2.694.000 og vart gjort opp i balanse.

## Vedlegg


Gjennomført program for biskopen 2008

Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk for  
bispedømet

Etatsstatistikk

Bergen, 27. februar 2009

Magne Skjeldal (s)  
Leiar Bjørgvin  
bispedømeråd



Ørnulf A. Elseth  
fungerande biskop



Helge Taranrød  
stiftsdirektør

## GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2008

### Visitasar

27. mars – 4. april: Brasil  
16.-20. april: Fitjar

3.-8. mai: Biskopenes  
pilegrimsandring  
2.-7. oktober

### Presteordinasjoner

6. januar: Mari Saltkjel i Hornindal  
kyrkje  
17. februar: Rose-Marie Skarsten i Os  
kyrkje  
15. juni: Knut Magne Dalsbø i  
Stårheim kyrkje  
22. juni: Turid Astrid Reksten i Kinn  
kyrkje  
15. august: Peter Rikard Johansen i  
Tveit kyrkje  
22. august: Monika Olsen og Maren  
Flotve Tischendorf i Fana kyrkje  
17. september: René Møller Yde i  
Moster kyrkje

Kyrkjemøtet  
10.-15. november

### Kateketvigslingar

20. november: Anita Skjæveland i  
Åsane kyrkje

### Bispedømerådsmøte

12. februar  
21. april  
13. mai  
10. og 11. juni (Bildøy)  
25. august  
23. september  
4. november  
Prostemøte  
26.-27. februar  
9.-11. april: Nordisk prostemøte i  
Stavanger  
26. august  
13.-16. oktober i Haugesund

### Diakonvigslingar

20. januar: Tore Brudvik i Lavik  
kyrkje  
22. oktober: Annie Andersen i Landås  
kyrkje

### Prestemøte/medarbeidarsamlingar

1. januar: Biskopen si nyårsmttakning  
17. januar: Konvent, Hardanger og  
Voss prosti  
10. februar: Prostidag, Nordhordland  
11. februar: Møte med underskrivene  
av Carissimi-dokumentet  
5. mars: Tale i predikantringen, Bergen  
6. mars: Konvent, Laksevåg  
23. mai: Konvent, Laksevåg  
22. og 25. mai: Prostidager,  
Vesthordland  
28. mai og 1. juni: Prostidagar,  
Midhordland  
3.-5. juni: Stiftsmøte, Balestrand  
8. juni og 23. oktober: Prostidagar,  
Laksevåg  
15. juni: Nordfjord prosti  
2. juli: Festkveld for medarbeidarane i  
Sjømannskirken, Frekhaug  
29.-31. august: Prostidagar, Indre Sogn  
1. september: Fagdag for diakonar  
6.-7. september: Prostidagar, Ytre  
Sogn  
25. september: Prostidag,  
Sunnhordland

### Kyrkjejubileer

29. juni: Mo kyrkje 125 år  
24. august: Sveio kyrkje 150 år  
14. september: Nesheim kyrkje 100 år  
24. september: Sjømannskyrkja i  
Göteborg 50 år  
28. september: Ask kyrkje 100 år  
23. november: Sjømannskyrkja i  
København 50 år

### Bispemøte

22.- 24. januar  
10.-13. mars

- 17.-19. oktober: Prostidagar, Nordfjord  
 21. og 26. oktober: Prostidagar, Fana  
 1.-2. november: Prostidagar, Sunnfjord  
 6. og 9. november: Prostidagar,  
 Hardanger og Voss  
 16. og 20. november: Prostidagar,  
 Arna og Åsane  
 26.-27. november: Prostidagar,  
 Domprostiet
- Styremøte, kontakttelefonen for  
 pionerdykkarane  
 5. mars, Oslo  
 9. mai, Bergen  
 8. oktober, Bergen
- Styret for pilegrimssenteret i Røldal  
 1. oktober (Oslo)  
 27. oktober (Bergen)  
 2. desember (Bergen)
- Styringsgruppa for  
 arbeidsvegleiarutdanning  
 7. april: Landskonferanse i Trondheim
- Andre arrangement/hendingar  
 3. januar: Nyårmøte for Hordaland  
 fylkeskommune  
 16. februar: Foredrag, Kirkens  
 Bymisjon, Korskirken  
 24. februar: Gudsteneste i Domkirken  
 med Per Lønning i høve 80-årsdagen  
 hans.  
 28. februar: Gudsteneste i høve  
 markering av trafikkskadde,  
 Domkirken  
 1. mars: Ungdomsting, Dyrkolbotn  
 2. mars: Avskilsgudsteneste, Landås  
 kyrkje  
 4. mars: Bispedømerådenes  
 landskonferanse, Stavanger  
 14. mars: Styringsdialog i  
 Departementet  
 23. mars: Høgtidsgudsteneste i  
 Domkirken  
 6. april: Innsetting av ny prost i  
 Midhordland, Margrethe Holmboe  
 Askeland, Os.
13. april: Avskil med prost Knut A.  
 Knudsen, Voss  
 26.-28. april: Avskilsgudsteneste og  
 styremøte i Kronprinsesse Märthas  
 kirke, Stockholm  
 11. mai: Høgtidsgudsteneste i  
 Ullensvang kyrkje  
 17. mai: Gudsteneste i Domkirken  
 21. mai: Festspilloping  
 26. mai: Bibelskapets  
 representantskap, Oslo  
 30. mai: Komité for prostekursene,  
 Oslo  
 1. juni: Anglo-skandinavisk  
 prestekonferanse, Bergen  
 16.-19. juni: Vegen til presteteneste  
 21. juni: Opning av Kinna-spelet  
 27.-29. juni: Sjømannskirkens  
 generalforsamling  
 4. juli: Pilegrimsvandring, Røldal  
 5. juli: Hetlevikbasaren, Fitjar  
 9.-13. juli: NMS generalforsamling,  
 Bergenshallen  
 2.-3. september: Kirkebyggkonferanse  
 i Stavanger  
 12. september: Foredrag på  
 medarbeidarsamling for Statens  
 Vegvesen, Voss  
 21. september: Vigsling av ny biskop i  
 Møre, Molde  
 10.-12. oktober: MF 100 år  
 30. oktober: Middag på Slottet  
 7. november:  
 Statsetatslederkonferanse, Solstrand  
 21. november: Audiens på Slottet  
 22. november: Vitjing av  
 kyrkjelydsarbeidet i Sædalen  
 27. november: Bergen Blå Kors 100 år  
 29. november: Vitjing i Domkirken i  
 høve 11-åringane sin markering av  
 trusopplæringsreforma  
 30. november: Avskilsgudsteneste,  
 Domkirken
- Frå 1. desember var domprost Ørnulf  
 A. Elseth fungerande biskop.

Bjørgvin bispedøme - NØKKELTAL 2008 (tal i rad 2 viser til skjemaet for kyrkjelydig årsstatistikk)

	Deypte	Delt. søndagsgudst.	Delt. andre gudsst.	Delt. gudsst. tot.	Søndagsgudst.	Andre gudst.	Nattverdsgudst.	Gudsst. tot.	Gjennomsnittsgudst.	Gjennomsnitt høvding.	Gjennomsnitt nattved	Kont.tot.	Offertot.	Innmedde	Utmelde	Vigstar							
<b>Bergen domprosti</b>	3.1	4.4.2		4.4.4		4.4.1		4.4.3	4.C.1a		4.C.1.b			3.3	11.1.a	2.1	2.2	3.4					
	393		49047		16613		65560		608		732		795	24095	1340	49	81	30	153	1348657	32	158	160
<b>Arna og Åsane prosti</b>	463		53681		13018		66699		408		124		199	10664	532	125	132	54	537	1879208	10	63	87
<b>Fana prosti</b>	733		73150		21259		94409		486		252		319	19773	738	128	151	62	799	1738218	7	115	141
<b>Laksevåg prosti</b>	458		34498		14656		49194		361		145		278	9208	506	97	96	33	473	858747	1	87	55
<b>Midhordland prosti</b>	351		37336		7058		44294		340		70		178	6820	410	108	110	38	280	962839	3	17	108
<b>Vesthordland prosti</b>	681		65296		13450		78746		494		284		371	12885	778	101	132	35	620	1687035	3	57	124
<b>Sunnhordland prosti</b>	666		93119		22313		115432		847		331		508	18886	17178	98	110	37	723	2815397	14	77	159
<b>Hardanger og Voss prosti</b>	440		58900		9523		68423		672		143		300	10250	815	84	88	34	485	1530520	4	37	106
<b>Nordhordland prosti</b>	398		53981		14897		68778		579		211		339	11532	790	87	93	34	337	2994331	10	30	109
<b>Ytre Sogn prosti</b>	146		25450		3949		29399		429		67		184	3207	496	59	59	17	149	617978	2	14	28
<b>Indre Sogn prosti</b>	260		34139		6237		40376		433		79		189	3829	512	79	79	20	279	795665	5	25	56
<b>Sunnfjord prosti</b>	469		64964		11576		76540		594		142		308	9837	736	104	109	32	491	1681870	14	35	92
<b>Nordfjord prosti</b>	372		66889		11470		78159		758		120		313	878	89	88	88	28	415	1623379	5	34	96
<b>SUM</b>	<b>5830</b>	<b>710050</b>	<b>166059</b>	<b>876109</b>	<b>7009</b>	<b>2700</b>	<b>4281</b>	<b>149853</b>	<b>9709</b>	<b>90</b>	<b>101</b>	<b>35.00420443</b>	<b>5741</b>	<b>20534874</b>	<b>110</b>	<b>749</b>	<b>1321</b>						
	2008	58330	710050	166059	876109	7009	2700	4281	149853	9709	90	101	35	5741	20534874	110	749	1321					
	2007	5961	717093	180536	897629	7033	2538	4267	149897	9571	94	102	35	6093	18195005	97	889	1261					
<b>2007-2008</b>	<b>-131</b>	<b>-7043</b>	<b>-14477</b>	<b>-21520</b>	<b>-24</b>	<b>162</b>	<b>14</b>	<b>756</b>	<b>138</b>	<b>-4</b>	<b>-1</b>	<b>0</b>	<b>-352</b>	<b>233889</b>	<b>13</b>	<b>-140</b>	<b>60</b>						
<b>Prosent</b>		<b>-2,20</b>	<b>-0,98</b>	<b>-8,02</b>	<b>-2,40</b>	<b>-0,34</b>	<b>6,38</b>	<b>0,33</b>	<b>0,51</b>	<b>1,44</b>	<b>-3,78</b>	<b>-0,64</b>	<b>0,18</b>	<b>-5,78</b>	<b>12,06</b>	<b>13,40</b>	<b>-15,75</b>	<b>4,76</b>					

Kore kommentarer til statistikken:

Når det gjeld DAP - KONFMANTAR - VIGDE - INNMELDTE og UTMELDTE manglar vi tala frå Viken sokn og Østereidet sokn, Nordhordland.

Tyssetdal er ikkje med i Hardanger og Voss sine tal.

## Etatsrapportering 2008

Bjørgvin bispedømme

**NB! Les veileningen nøyde.**

<b>1. Prestestillinger:</b>		<b>Årsverk</b>	<b>Stillinger</b>
1.1	Antall tildelte årsverk kap. 341		
1.2	Antall faste prestestillinger lønnet over kap. 341, årsverk og stillinger	174,1	178
1.2.1	Antall prostter	13	13
1.2.1.1	herav kvinner	1	1
1.2.2	Antall sokneprester	129,1	130
1.2.2.1	herav kvinner	18	18
1.2.3	Antall kapellaner	14	14
1.2.3.1	herav kvinner	2	2
1.2.4	Antall prostiprester	7,5	9
1.2.4.1	herav kvinner	0	0
1.2.5	Antall seniorprester	4	5
1.2.5.1	herav kvinner	0	0
1.2.6	Antall andre faste prestestillinger lønnet over kap 341	6,5	7
1.2.6.1	herav kvinner	1	1
1.2.7	Antall prostter som ikke er sokneprester		10
1.2.7.1	herav kvinner		0
1.2.8	Antall prestestillinger med prostiet som tjenestedistrikt	154,6	158
1.2.8.1	herav kvinner	20	20
1.2.9	Antall prester i fast stilling i alderen 40 år eller yngre	31	31
1.2.9.1	herav kvinner	9	9
1.2.10	Antall prester i fast stilling i alderen 41-55 år	66,4	68
1.2.10.1	herav kvinner	7	7
1.2.11	Antall prester i fast stilling i alderen 56-61 år	43,5	44
1.2.11.1	herav kvinner	4	4
1.2.12	Antall prester i fast stilling i alderen 62 år eller eldre	18,2	19
1.2.12.1	herav kvinner	2	2
1.3	Antall deltidsstillinger lønnet over kap. 341, årsverk og stillinger	3,1	6
1.3.1	Antall prester i deltidsstilling i alderen 40 år eller yngre	0	0
1.3.1.1	herav kvinner	0	0

1.3.2	Antall prester i deltidsstilling i alderen 41-55 år	1,4	3
1.3.2.1	herav kvinner	0	0
1.3.3	Antall prester i deltidsstilling i alderen 56-61 år	0,5	1
1.3.3.1	herav kvinner	0	0
1.3.4	Antall prester i deltidsstilling prester med AFP (62 år eller eldre)	1,2	2
1.3.4.1	herav kvinner	0,6	1
1.3.5	Antall prester i deltidsstilling i alderen 62 år eller eldre (ikke AFP)	0	0
1.3.5.1	herav kvinner	0	0
1.4	Antall prester i midlertidig tilsettingsforhold, årsverk og stillinger	9	9
1.5	Antall faste vikarer kap. 341, årsverk og stillinger	4	4
1.6	Antall ledige/ubesatte stillinger pr 31.12, årsverk og stillinger	16	17

**2. Tilsettinger:**

2.1	Antall tilsettinger i faste prestestillinger kap. 341, årsverk og stillinger	13	13
2.1.1	Antall tilsettinger i alderen 40 år eller yngre	7	7
2.1.1.1	herav kvinner	1	1
2.1.2	Antall tilsettinger i alderen 41-55 år	4	4
2.1.2.1	herav kvinner	0	0
2.1.3	Antall tilsettinger i alderen 56-61 år	2	2
2.1.3.1	herav kvinner	1	1
2.1.4	Antall tilsettinger i alderen 62 år eller eldre	0	0
2.1.4.1	herav kvinner	0	0
2.2	Antall søker til utlyste prestestillinger kap. 341		56
2.2.1	Antall søker i alderen 40 år eller yngre		19
2.2.1.1	herav kvinner		4
2.2.2	Antall søker i alderen 41-55 år		25
2.2.2.1	herav kvinner		4
2.2.3	Antall søker i alderen 56-61 år		6
2.2.3.1	herav kvinner		0
2.2.4	Antall søker i alderen 62 år eller eldre		6
2.2.4.1	herav kvinner		0
2.3	Antall tilsettingssaker i faste prestestillinger kap. 341		28
2.3.1	herav tilsettingsaker der stillingen ble kunngjort på nytt		4

**3. Avskjed/fratreden/permisjon:**

3.1	Antall prester som har fratrådt/fått avskjed fra sin stilling, årsverk og stilling	22	22
3.1.1	Grunnet uførepensjon	0	0
3.1.1.1	herav kvinner	0	0
3.1.2	Grunnet alderspensjon	4	4
3.1.2.1	herav kvinner	0	0
3.1.3	Grunnet avtalefestet pensjon	2	2
3.1.3.1	herav kvinner	0	0
3.1.4	Grunnet overgang til annen statlig prestestilling	7	7
3.1.4.1	herav kvinner	1	1
3.1.5	Grunnet overgang til ikke-statlig prestestilling eller annen kirkelig stilling	5	5
3.1.5.1	herav kvinner	0	0
3.1.6	Grunnet overgang til ikke-kirkelig stilling	0	0
3.1.6.1	herav kvinner	0	0
3.1.7	Grunnet annen fratredelsesårsak	4	4
3.1.7.1	herav kvinner	3	3
3.2	Antall prester som har hatt fødsels-/omsorgspermisjon, årsverk og stilling	4	4
3.2.1	herav kvinner	1	1
3.3	Totalt antall dager med fødsels-/omsorgspermisjon		591
3.3.1	herav til kvinner		372

**4. Kompetanseutvikling:**

4.1	Totalt antall dager studiepermisjon med lønn blant prester	1250
4.1.1	herav kvinner	125
4.2	Antall prester som har hatt studiepermisjon med lønn, årsverk og stillinger	160
4.2.1	herav kvinner	12
4.3	Antall prester som har hatt 3 mnd el. mer i studiepermisjon, årsverk og stillinger	1
4.3.1	herav kvinner	0
4.4	Totalt driftsbudsjett benyttet til etterutdanning av prester, beløp i hele kroner	1.190.000
4.4.1	Midler avsatt til kurs, reiser, stipend etc. i forbindelse med studieperm.	390.000
4.4.1.1	herav til kvinner	0
4.4.2	Utgifter i forbindelse med lønn i permisjonstiden	400.000
4.4.2.1	herav til kvinner	0

4.4.3	Utgifter til vikarer		400.000
4.4.3.1	herav for kvinner		0
4.4.4	Eventuelle andre utgifter i forbindelse med etterutdanning/studieperm.		0
4.4.4.1	herav til kvinner		0
4.5	Antall søker til etterutdanningskurs (PF/Komp.rådet), årsverk og stillinger		96
4.5.1	Antall innvilgede søknader		93
4.5.1.1	herav kvinner		16
4.5.2	Antall avslalte søknader		3
4.5.2.1	herav kvinner		0
4.6	Antall prester som har deltatt på etterutdanningskurs, årsverk og stillinger		93

##### 5. Ledelse:

5.1	Antall prostier i bispedømmet		13
5.1.1	Antall prostier med kompetansekart		0
5.1.2	Antall prostier med spesialisert prestetjeneste		3
5.2	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale, årsverk og stillinger	171,5	172
5.2.1	Antall proster som har hatt medarbeidersamtale med biskopen	13	13
5.2.1.1	herav kvinner	1	1
5.2.2	Antall sokneprester som har hatt medarbeidersamtale med prosten	104	104
5.2.2.1	herav kvinner	18	18
5.2.3	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale med prosten	27	27
5.2.3.1	herav kvinner	2	2
5.2.4	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale med prosten	27,5	28
5.2.4.1	herav kvinner	2	2
5.2.5	Antall kapellaner som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten	0	0
5.2.5.1	herav kvinner	0	0
5.2.6	Antall andre prester som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten	0	0
5.2.6	herav kvinner	0	0
5.3	Antall prester med ABV-kompetanse, årsverk og stillinger	15	15
5.3.1	herav kvinner	2	2
5.4	Antall prester som har deltatt i systematisk ABV-tilbud, årsverk og stillinger	15	15
5.4.1	herav kvinner	5	5
5.5	Antall prester med plan for uttak av 1 fridag i uken, årsverk og stillinger	55,5	73
5.5.1	Antall prester som har planer som inneholder vikarordning	9,5	27

5.5.1.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		592
5.5.1.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		256
5.5.2	Antall prester som har planer som ikke inneholder vikarordning	46	46
5.5.2.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		204
5.5.2.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		116
5.6	Antall prester med plan for uttak av 2 fridager i uken, årsverk og stillinger	69	70
5.6.1	Antall prester som har planer som inneholder vikarordning	69	70
5.6.1.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		258
5.6.1.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		92
5.6.2	Antall prester som har planer som ikke inneholder vikarordning	0	0
5.6.2.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		0
5.6.2.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		0
5.7	Antall prester uten plan for uttak av fridager, årsverk og stillinger	34	34
5.7.1	Antall feriedager søkt overført pr. 31.12		130
5.7.2	Antall fridager som ikke er tatt ut pr. 30.11		48

#### 6. Sykefravær:

6.1	Totalt antall dager sykefravær med lønn blant prester, faste stillinger kap. 341		2390
6.1.1	Antall fraværsdager med sykemelding		2330
6.1.1.1	Antall korttidssykemeldinger (< 16 dager)		42
6.1.1.1.1	herav kvinner		2
6.1.1.2	Antall langtidssykemeldinger (> 16 dager)		122
6.1.1.2.1	herav kvinner		11
6.1.2	Antall fraværsdager med egenmelding		60
6.1.2.1	Antall prester som har tatt ut mindre enn 5 egenmeldingsdager	12	25d
6.1.2.1.1	herav kvinner	2	4d
6.1.2.2	Antall prester som har tatt ut mellom 5 og 15 egenmeldingsdager	5	35d
6.1.2.2.1	herav kvinner	1	7d
6.1.2.3	Antall prester som har tatt ut mer enn 15 egenmeldingsdager	0	0
6.1.2.3.1	herav kvinner	0	0

#### 7. Tjenestebolig/boplikt:

7.1	Antall prestestillinger med boplikt knyttet til stillingen		141
7.1.1	herav med fritak fra fondsbolig		3

7.1.2	herav med fritak fra kommunal bolig	13
7.1.3	Antall ubesatte stillinger hvor det er boplikt knyttet til stillingen	10
7.2	Antall prestestillinger uten boplikt	35
7.2.1	herav prester som bor i egen bolig	
7.2.2	herav prester som bor i tjenestebolig uten boplikt	0
7.3	Antall søknader om fritak fra boplikt i fondsbolig	2
7.3.1	herav innvilgede søknader	2
7.3.2	herav avslåtte søknader	0
7.3.3	herav ubehandlede søknader	0
7.4	Antall søknader om fritak fra boplikt i kommunal bolig	3
7.4.1	herav innvilgede søknader	3
7.4.2	herav avslåtte søknader	0
7.4.3	herav ubehandlede søknader	0
7.5	Antall presteboliger pr 31.12	141
7.5.1	herav kommunale boliger	83
7.6	Antall presteboliger i bruk pr 31.12	131
7.6.1	herav kommunale boliger	76

**8. Vigslinger (gjelder flere stillingskategorier, ikke bare fast tilsatte prester kap. 341):**

8.1	Antall vigslinger til prestetjeneste	8
8.1.1	herav kvinner	5
8.2	Antall vigslinger til diakontjeneste	2
8.2.1	herav kvinner	1
8.3	Antall vigslinger til katekettjeneste	1
8.3.1	herav kvinner	1
8.4	Antall vigslinger til kantortjeneste	0
8.4.1	herav kvinner	0

Der det spesifikt bes om det, oppgis tallet i både årsverk og hele stillinger. Dersom dette ikke er nevnt spesifikt, er det kun oppført 1 rubrikk og bare antallet det spørres om føres inn (feks antall søknader eller kronebeløp).